



NORSK LOVTIDEND

Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 28. mai 2025 kl. 14.15

PDF-versjon 28. mai 2025

22.05.2025 nr. 889

Forskrift om SFO (skulefritidsordning), Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Skjåk kommunestyre 22. mai 2025 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

§ 1. *Eigartilhøve*

Skjåk kommune er eigar av SFO.

§ 2. *Opptaksmyndigheit*

Rektor har opptaksmyndigheit.

§ 3. *Opptakskriterium*

Føresette kan søkje om plass på SFO for barn i 1.–4. klasse og barn med særskilde behov i 1.–7. klasse. Søknad om plass skjer gjennom Visma Flyt skule.

Dersom det oppstår avgrensingar i kapasiteten ved SFO, blir opptak gjort etter følgjande prioriteringskriterium:

- elevlar med særskilde behov (1.–7. klasse)
- elevlar i 1. klasse
- elevlar i 2. klasse
- elevlar i 3. klasse
- elevlar i 4. klasse.

§ 4. *Opptaksperiode, oppseiing og endring*

§ 4-1. *Opptaksperiode*

Det må søkjast plass på SFO innan 1. april før skuleåret startar. Søknad må vere skriftleg i Visma Min skole. Alle barn i 1.–4. klasse er sikra plass på SFO ved å søkje innan oppsett frist. Søknader som kjem inn etter dette, vil bli behandla om dei fyller eit eller begge desse kriteria:

- endring i livssituasjon i familien etter søknadsfristen som gjev behov for SFO
- barnet har flytta til Skjåk etter søknadsfristen.

Ved søknad skal det gjevast opp kva tilbod det blir søkt om, og kva tid barnet skal vere på SFO kvar vekedag.

Kortare opphald, som enkelttimar/-dagar, er mogleg ved ledig kapasitet og må avtalast med skulen.

§ 4-2. Oppseiing av plass

Føresette kan seie opp SFO-plassen med ein månad oppseiingstid gjeldande frå den 15. i kvar månad. Oppseiinga må vere skriftleg i Visma Min skole. Ved oppseiing eller endring av plass etter 15. april, må ein betale for SFO-plassen ut skuleåret.

§ 4-3. Endring av plass og opphaldstid

Ved endringar i plass eller opphaldstid skal skulen varslast via Visma Min skole ein månad før endringa.

§ 5. Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetaling for kvart år i samband med fastsetting av kommunale gebyr.

§ 5-1. Type plass

- Inntil 12 timar
- Over 12 timar.

§ 5-2. Moderasjonar og redusert foreldrebetaling

Moderasjonar og redusert foreldrebetaling fylgjer til ei kvar tid gjeldande nasjonale reglar.

§ 6. Leike- og opphaldsareal

SFO nyttar skulen sine inne- og uteareal til opphald, leik og aktivitet. I tillegg nyttar SFO idrettshallen.

§ 7. Opningstid

§ 7-1. Årleg opningstid

SFO held ope gjennom skuleåret og følgjer skuleruta for Skjåk kommune, det vil seie at tilbodet er på 10 månader. SFO er stengt på planleggingsdagar.

I samband med fellesmøte til Skjåk barne- og ungdomsskule vil SFO vere stengt ein ettermiddag i oktober og ein ettermiddag i mars.

§ 7-2. Dagleg opphaldstid

Start- og sluttidspunkt blir fastsett på skulen innanfor ei ytre tidsramme frå kl. 07:00 til kl. 16:30.

§ 7-3. Sommarope SFO

SFO har ope inntil to veker etter skuleslutt om sommaren, og inntil to veker før skulestart. Opningstida er 07:00 til 16:30, medan det er kjernetid 09:00–15:00. SFO forventar at barna er til stades i kjernetida. Søknadsfrist for SFO desse vekene er 1. april. Det kan søkjast om heile eller delar av perioden. Søknad er bindande, og plassen kan ikkje seiast opp. Sommarope SFO føreset ei påmelding på minimum 5 elevar per dag.

§ 8. Personale og leiing

Rektor er leiar for skulefritidsordninga. Rektor kan delegere mynde til ein særskild leiar for SFO. Dette frittek likevel ikkje rektor for ansvaret. Rektor er ansvarleg for å bemanne SFO på ein forsvarleg måte.

§ 9. Ikraftsetjing

Forskrifta erstattar «Vedtekter for SFO», og gjeld frå den dato den er kunngjort i Norsk Lovtidend fram til ei eventuell endring av forskrifta.